



Etnedal kommune

Plan og teknisk

Bergene Anlegg As
Etnedalsvegen 2296
2890 ETNEDAL

Administrativt vedtak

Deres ref.:	Vår ref.:	Arkivsak:	ArkivID:	Vår dato:
	SAGKAR - 26/4145	26/781	GBNR- 112/55, K2- M55	18.08.2026

Saksnr.	Utvalg
139/26	Kommunestyret

Vedtak om utsleppsløyve - gnr 112 bnr 55 - Hestkinnbygde 108

Tiltak:	Avløpsanlegg	
Byggested:	Gbnr: 112/55	Hestkinnbygde 108
Tiltakshaver:	Kenneth Nikolaysen	
Ansvarlig søker:	Bergene Anlegg As	

Vedtak

Etnedal kommune ettergodkjenner eksisterande avløpsanlegg og utslepp av sanitært avløpsvatn på gnr. 112, bnr. 55. Avløpsanlegget skal drivast i tråd med *Forskrift om utslipp av avløpsvann fra avløpsanlegg som ikke overstiger 50 pe, Etnedal kommune*.

Ettergodkjenninga og utsleppsløyvet gjeld frå vedtaksdato og er gitt med heimel i forureiningsforskrifta § 12-5. Ettergodkjenninga omfattar anlegget slik det er dokumentert i søknaden.

Vilkår for løyva

- Avløpsanlegget skal drivast og haldast ved like i samsvar med forureiningsforskrifta §§ 12-7 til 12-13, søknadsdokumentasjonen og godkjent situasjonskart.
- Anleggseigar er ansvarleg for forureining frå anlegget.
- Ettergodkjenninga gjeld plasseringa og utføringa som er vist i innsendt situasjonskart, prosjekteringsgrunnlag og fotodokumentasjon.
- Slamavskiljaren skal registrerast i Valdres Kommunale Renovasjon sitt tømmesystem og tømmast etter gjeldande tømmerutinar.
- Tilkomst for tømming må vere sikra, jf. krav til køyreveg, avstand og høgdeforskjell.
- Anleggseigar skal melde frå til kommunen dersom det blir avdekt feil eller funksjonssvikt ved anlegget.
- Det skal haldast minst 100 meter avstand til næraste opplyste drikkevassbrønn. Plasseringa eller utforminga av anlegget kan ikkje endrast utan skriftleg samtykke frå kommunen.

Besøksadresse:
Kyrkjevegen 10

Postadresse:
2890 Etnedal

Telefon:
61 12 13 00

Organisasjonsnummer:
933 038 173

E-mail: postmottak@etnedal.kommune.no
www.etnedal.kommune.no

- Terrenget og jordmassane nedstraums infiltrasjonsgrøfta skal ikkje fjernast eller endrast på ein måte som reduserer renseeffekten eller den hydrauliske kapasiteten.
- Kommunen kan krevje tilkopling til offentlig vatn- og avløpsanlegg dersom dette blir tilgjengeleg i området.
- Ved vesentleg utviding av bruken, endring av anlegget eller teikn til forureining kan kommunen krevje ny søknad eller ytterlegare dokumentasjon.

Bergene Anlegg AS, org.nr. 919 255 684, har erklært ansvar for SØK, PRO og UTF for avløpsanlegget.

Saksopplysninger

Lovgrunnlaget:

Vedtaket er gjort med heimel i forureiningsforskrifta § 12-5, lokal forskrift om utslepp frå mindre avløpsanlegg i Etnedal kommune og plan- og bygningslova § 20-1.

Informasjon om saka

Bergene Anlegg AS søker på vegne av tiltakshavar Kenneth Nikolaysen om godkjenning av avløpsanlegg til eksisterande bustad på gnr. 112, bnr. 55, Hestkinnbygde 108.

Søknaden gjeld eit anlegg som vart etablert vinteren 2026 i samband med innlegging av vatn og vassklosett. Tidlegare vart gråvatn frå utslagsvask ført til synkekum. Det nye anlegget fører samla svart- og gråvatn gjennom ein trekamra slamavskiljar på 4 m³ og vidare med sjølvfall til infiltrasjon i stadlege massar.

Avløpsanlegget skal bestå av:

- trekamra VPI Vaga slamavskiljar med våtvolum på 4 m³
- grøft på 16 meter med infiltrasjonskammer

Anlegget omfattar éi bustadeining og er opplyst å vere nytta av to personar. Anlegget skal tilfredsstille rensekrava i lokal forskrift og forureiningsforskrifta § 12-8.

Bergene Anlegg AS, org.nr. 919 255 684, erklærer ansvarsrett for SØK, PRO og UTF. Ansvarsretten og prosjekteringsnotatet er feilmerkta med bnr. 51, medan hovudsøknaden, adressa, situasjonskartet og DOK-analysen eintydig gjeld gnr. 112, bnr. 55.

Søknaden opplyser at naboar som kan bli påverka av utsleppet, er varsla.

Grunngjeving

Det er søkt om godkjenning av eit etablert avløpsanlegg til eksisterande bustad. Søknaden er vurdert med heimel i forureiningsforskrifta kapittel 12, lokal forskrift om mindre avløpsanlegg, naturmangfaldlova §§ 8–12, vassforskrifta § 12 og kulturminnelova § 3.

Arealbruk og lokalisering

Eigedomen er utbygd med eksisterande bustad. Godkjenninga omfattar eit nedgrave avløpsanlegg og medfører ikkje endra arealbruk utover dei tekniske installasjonane som er nødvendige for avløpsløyvinga.

DOK-analysen viser ikkje konflikt med registrerte naturtypar, prioriterte artar eller naturvernområde innanfor tiltaksområdet. Eigedomen ligg i eit kartlagt viktig friluftslivsområde og innanfor verneplan for vassdrag, men anlegget er nedgrave på ei allereie utbygd bustadeigedom og er vurdert å ikkje medføre vesentleg negativ påverknad på desse interessene.

Det overordna lausmassekartet viser usamanhengande eller tynt morenedekke over berggrunn og klassifiserer området som lite eigna for infiltrasjon. Den stadlege prosjekteringa dokumenterer om lag 0,8 meter morenemassar under matjord i to prøvehøl, og fotodokumentasjonen viser

infiltrasjonsgrøfta før attfylling. Kommunen legg den stadlege dokumentasjonen til grunn, saman med den avgrensa belastninga frå éi bustadeining.

Vegtilkomst og tilgjenge for tømming

Etter visuell vurdering av kartgrunnlaget er det etablert køyreveg fram til eigedomen.

For å oppfylle krava i forskrift om tømming og tilsyn av mindre avløpsanlegg i Valdres skal:

- det vere køyrbar veg fram til slamavskiljaren,
- avstanden frå oppstillingsplass for tankbil til anlegget ikkje overstige 15 meter,
- høgdeforskjellen ikkje overstige 5 meter.

Anleggseigar har ansvar for at desse krava er oppfylte ved kvar tømming.

Grunnforhold og utføring

Det ligg ikkje føre godkjend VA-plan for eigedomen. Bergene Anlegg AS har undersøkt grunnforholda i to prøvehøl. Under 0,20–0,25 meter matjord er det dokumentert morenemassar ned til minst éin meters djupn.

Anlegget er utført med trekamra slamavskiljar på 4 m³ og ei 16 meter lang infiltrasjonsgrøft. Infiltrasjonsflata ligg om lag 0,7 meter under terreng. Prosjekteringa føreset at grøftebotnen ikkje blir komprimert, og at jordmassar nedstraums grøfta ikkje blir fjerna.

Med bakgrunn i prosjekteringsgrunnlaget, fotodokumentasjonen, opplyst bruk og vilkåra i vedtaket vurderer kommunen at anlegget gir forsvarleg miljø- og hygienetryggleik.

Naturmangfald (nml. §§ 8–12)

Kommunen vurderer kunnskapsgrunnlaget etter naturmangfaldlova § 8 som tilstrekkeleg. Gjennom DOK-analysen, Vann-Nett, NIBIO (Kilden), prosjekteringsgrunnlaget og innsend dokumentasjon ligg det føre eit oppdatert og tilstrekkeleg grunnlag for vurderinga.

Det er ikkje registrert naturtypar, prioriterte artar eller andre naturverdiar med særleg verneverdi innanfor tiltaksområdet. Føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 tilseier derfor ikkje at tiltaket skal avslåast. Det er heller ikkje dokumentert forhold som tilseier at tiltaket vil medføre uakseptabel samla belastning på økosystemet, jf. naturmangfaldlova § 10.

Vassmiljø og kulturminne

Avløpet blir ført gjennom slamavskiljar og rensa ved infiltrasjon i stadlege morenemassar. Kommunen har vurdert plasseringa opp mot omsynet til vassmiljø, grunnvatn og drikkevassinteresser.

DOK-analysen viser eit registrert grunnvassborehøl knytt til bustaden. Søknaden opplyser at eigedomen har privat borehøl, og at næraste andre drikkevassbrønn ligg om lag 110 meter frå anlegget.

Infiltrasjonsgrøfta er lagd i svakt hellande terreng, og situasjonskartet viser utsleppet nedstraums bustaden. Avstanden til registrert vassførekomst er om lag 0,7 km.

Søknaden opplyser at det finst andre drikkevassbrønner i området, med oppgitt avstand på 110 meter. Ettergodkjenninga føreset at denne avstanden blir halden. DOK-analysen viser ei SEFRAK-registrert bygning på eigedomen, men registreringa gir ikkje automatisk vern, og det nedgravne anlegget er ikkje vurdert å påverke kulturminneverdien.

Etter ei samla vurdering meiner kommunen at det dokumenterte avløpsanlegget vil gi tilstrekkeleg renseeffekt, og at utsleppet ikkje vil medføre forringing av miljøtilstanden i nærliggjande vassførekomstar eller vere til hinder for at miljømåla etter vassforskrifta blir nådde. Føresetnaden er at anlegget blir drive og halde ved like i samsvar med søknaden og vilkåra i vedtaket.

Tiltaket er elles vurdert å ikkje vere i strid med friluftsliv eller andre allmenne interesser.

Gebyr

Gebyr for handsaming av søknad om ettergodkjenning av avløpsanlegg er kr 1 000,- i samsvar med Etnedal kommune sitt gjeldande gebyrregulativ.

Høve til å klage

Vedtaket er fatta i medhald av delegasjonsreglementet og kan i medhald av forvaltningslova §§ 28–36 klagast på. Klagefristen er tre veker frå den dagen vedtaket er gjort kjent for dykk. Klaga skal sendast skriftleg til Etnedal kommune. Dersom kommunen ikkje tek klaga til følgje, blir saka sendt til klageinstansen for endeleg avgjerd. Du har rett til å gjere deg kjend med sakas dokument etter forvaltningslova §§ 18 og 19.

Med helsing

Kari-Elin Solberg Saglien
Rådgiver

Etter våre rutiner er dette dokumentet godkjent og sendt uten underskrift.